

# Innhold og rekkevidde av kapitulasjonen 1940

108389

## Svar til advokat Sverre Hartmann fra professor Magne Skodvin

Hartmann søker filologisk støtte i teksten til Bjørnefjellsavtalen og Trondheimsavtalen. Viser så dei at styrkane utanfor Norge skulle leggja sine våpen ned? Frå Bjørnefjellsavtalen nøyer eg meg med å kursivera to av dei ord som Hartmann sjølv refererer: «Alt utstyr fra hær, marine og flyvåpen hvor det enn måtte befinne seg i Norge skulle overleveres.» Når det gjeld Trondheimsavtalen, kjem vi nå til Hartmanns interessante tolking av uttrykket «die gesamten norwegischen Streitkräfte». Eg har alt i innleiinga resumert dei grunnar som talar mot. Den lesar som ennå måtte ha Streitkræfte til overs, kan bli tilbake dit. Her skal eg berre ta for meg Hartmanns korte ekskurs til Nederlands innlidsrike historie, og aller først hans oppvisning i filologi: «... Skodvin vil ikke bøye seg for ordets anerkjente betydning, men søker å tillegge det en hittil ukjent filologisk tøyebånd og begrensning ved hjelp av en manøvre som utvilsomt er en nyskaping innen sprogvidenskapen.»

Das war eine grausame Salbe.

Den «manøvre» som har fylt Hartmann med tvil og undring, er denne: Når det er tvil om kva innhald ein skal leggja i eit ord, så undersøker ein korleis ordet vert brukt. Dersom dette var ei nyskaping innan språkvitenskapen, så ville vi ikkje ha ordbøker. Eg skulle gjerne vera far til metoden. Dette måtte kjennast pålag som å ha oppfunne hjulet. Men æra er for tanken alt for stor. La oss snakka alvor. Uttrykket er brukt i Trondheimsavtalen, og som eg nå fleire gonger har gjort greie for, til avløsning av den vanlege formelen «stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta», ikkje minst av den grunn at dei norske stridskrefter til sjøs og i lufta var utvilsomt under tysk kontroll og førde krigen vidare, same kva tyskarskane måtte skriva på sitt papir i Trondheim. Men sidan det altså likevel er tvil til stades hos herrane Hewins, Syvertsen, Wiesener, Hartmann og andre, har eg undersøkt om det finst vidare materiale til spørsmålet. Det syntte seg at ordet var brukt også i den nederlandske kapitulasjonsavtalen av 15. mai. Det er vidare på det reine at også denne avtalen berre gjeld ein del av den nederlandske forsvarsmakt, mellom anna for di dei nederlandske styrkane i Zeeland just nå kom i kamp, og først kapitulerte den 18. mai. Ein god del greidde forresten å koma til fransk eller britisk område, og førde krigen vidare. Hartmanns oppgave blir nå å forklara at når uttrykket «Die gesamte Wehrmacht der Niederlande» her er brukt om ein del av den nederlandske forsvar, så betyr det likevel heile forsvaret, sidan ordet «gesamt» per definisjon må vera «det mest omfattende uttrykk for at alt og alle er innbefattet». Forklaringa er utan tvil original, vel også improvisert: General Winkelman måtte forvissa seg om at dei nederlandske soldatane i Zeeland skulle bli behandla som krigs-

fangar, i tilfelle dei skulle bli krigsfangar. «Derfor måtte den tyske overkommando gå med på å gi disse troppene folkerettslig beskyttelse.»

Eg ville gjerne ha sett ansiktet på general von Kuchler, den tyske underskrivaren, dersom general Winkelman under kapitulasjonsforhandlingane skulle ha framført alvorleg mistanke om at Tyskland ikkje kom til å behandle framtidige krigsfangar etter folkeretten. Eg treng vel ikkje minna juristen Hartmann om at krigsfangar har ein klår og temmeleg veldefinert status etter IV Haagkonvensjon av 1907, og at tyske offiserar i høg grad kjende til dette. Nå meiner visstnok Hartmann at i dette tilfellet skulle von Kuchler — dersom Hartmanns hypotese var rett — ikkje brysk ha avvist det som frå hans synspunkt måtte vera ein krenkjande insinuasjon, men tvert i mot ha tenkt som så: det er lett forståeleg at nederlendarane tvilar på om vi tyske offiserar har nevneverdig respekt for folkeretten, og for å imøtekoma dei, skal eg setja inn i kapitulasjonsavtalen, ja til og med i § 1, at i dette tilfellet er vi villige til å vise respekt for landkrigsreglementet.

Kva byggjer så Hartmann si tankeflukt på? Så vidt eg kan sjå, på sin eigen tillit til at «Sammenhengen er såre enkel», og elles ingen ting. Ville det ikkje vera ein idé å undersøka om general Winkelman sjølv har kome inn på spørsmålet? eller hans medarbeidarar i 1940? eller den nederlandske undersøkeiskommisjonen? eller i det minste dei vanlegaste standardverk om denne delen av Nederlands historie? Dei har. Der er ingen tvil. I dei nederlandske kapitulasjonsforhandlingane er provinsen Zeeland halden utanfor, fullstendig, og frå begge sider. Til dømes skriv generalstabskaptein Schepers i sitt referat av kapitulasjonsforhandlingane mellom anna: «General Winkelman uttala at han hadde fullmakt til å representera forsvarsstyrkane i det europeiske rettsområdet med undtak av Zeeland» (kursivert av meg). Kaptein J. D. Schepers var sjef for den juridiske avdeling i det nederlandske hovudkvarteret, og deltok i den eigenskap i kapitulasjonsforhandlingane. På tysk side er forholdet like klart. Den offisielle «Dokumente der deutschen Politik» 1940 brukar ordlydande same uttrykket, «med undtak av Zeeland».

La meg til overflod leggja til at det gjeld ikkje berre landstyrkane i Zeeland. Eit par timar for kapitulasjonen hadde den nederlandske marine fått ordre om å gå til britisk hamn. Uttrykket «Die gesamte Wehr-

macht der Niederlande» er altså brukt om dei nederlandske forsvarsstyrkane med undtak av landstyrkane i Zeeland, største delen av den stridsdyktige marine, og alle oversjøiske styrkar (Nederland hadde sterke stridskrefter i Indonesia). Så mykje om «det mest omfattende uttrykk for at alt og alle er innbefattet».

Til sjuande og sist: Hartmann meiner å finna støtte hos Dedijer. Eg har den største respekt for Dedijer både som forskar og som partisan. Om Hartmann gjer rett i å ta han til inntekt for seg, er nå ei anna sak. Men i dette spørsmålet vågar eg å halda meg til egne forskningsresultat og vurderingar. Til denne tid har eg ikkje funne grunn til å falla attende på den debattform der ein bombarderer motparten med andre forskarars ord. Men skal det vera, så skal det vera, — altså, eit undtak i dag:

«Av stor interesse er at et hittil meget omstridt punkt, nemlig kapitulasjonens innhold og rekkevidde — definitivt og dokumentarisk bringes ut av verden. Det ble etter krigens slutt fra forskjellige hold hevdet, og hevdes endog fremdeles, at Norge kapitulerte — ikke bare militært, men også politisk — i kraft av regjeringens beslutning under forhandlingene i Trondheim den 10. juni 1940. Dersom denne påstand stemmer, rådde det ikke krigstilstand mellom Norge og Tyskland etter denne dato og rettsoppgjøret måtte således hvile på et sviktende fundament.

Det er under disse omstendigheter av den største verdi å ha et bevis fra tysk side. Som bilag til krigs dagboka fins nemlig major Neefs egenhendige og samtidige skriftlige kommentar til de enkelte paragrafer i overenskomsten om nedleggelsen av våpnene. Det heter i punkt 1 (oversatt): «Stridskrefter betyr bare de stridskrefter som står under general Ruges kommando, ikke nordmenn i utlandet.»

Mitt sitat er henta frå ein artikkel i Dagbladet, 28. juli 1952. Forfattaren er Sverre Hartmann.